

Langt mellom flagga

01.05.2011



1. mai er offentleg høgtidsdag og ein av 16 offisielle flaggdagar her i landet. Men dagen blir ikkje markert ved noko omfattande flaggheising i vår bygd. Det er det heller ikke tradisjon for, blir vi fortalt.

Ein rask sjekkerunde rundt i bygda bekrefter inntrykket av at det har vore langt mellom flagga også 1. mai 2011. Berre 5 har markert dagen og kampen for arbeidarane sine rettar på denne måten og over er eitt av flagga - med dekorativ bakgrunn.

(Foto: Ola Matti Mathisen)